

KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

NR. 2

APRIL 1990

44. ÅRG.



Foto: Tove Margrethe Nordmark

SEIERHERRE PÅ KORSET

Der har vært kjempet mange kamper i verden, og på mange måter lever vi i en kampens tid. Kampene har vært forskjellige. Våpnene forskjellige. Resultatene forskjellige.

Ingen kamp har vært større enn den Jesus utkjempet. Det var en kamp imot synden, verden og de onde makter. Kampen var hard. Vi forstår litt av det når vi ser Jesu kamp i Getsemane. Hør hva han sier, der han kaster seg på sitt ansikt til jorden og ber: "Far, er det mulig, så la denne kalk gå meg forbi." Den samme bønn ba han tre ganger.

Vi merker kampen når han står alene overfor de rå "masser" i folket, som spytter på han, håner han og behandler han etter sine vonde lyster.

Han merket kampens hardhet når han stod overfor domstolen og skulle dømmes. Han merket kampen da han segnet under korsets byrde. Ikke minst var Jesu kamp på korset sterk. "Min Gud, min Gud, hvorfor har du forlatt meg" er et av korsordene. Likevel - et av korsordene lød også: "Alt er fullbragt"

Jesus viste seg som seierherre på korset. Ingen seier har vært større og herligere. Ingen kamp utkjempet med større resultat. Hva har Jesu seier bragt? La meg nevne noe som jeg aldri blir trett av å minne om, og som jeg ønsker at Den Hellige Ånd hver dag må få minne min sjel om: Ved Jesu seier er synden sonet, gjelden betalt, Gud er blitt forlikt og himmelen åpnet. Intet syn, er herligere enn når en synd er forlikt og tro seg frelst.



Ved Jesu seier på korset er nådekildene åpnet. I hans blod er der rensing for alle våre synder og frimodighet til å gå inn i helligdommen. I Jesu blod er der kraft til frelse, selv for den største synder som kommer, og der er kraft for en Jesu venn til å bli bevart. I kraft av blodet står den hvitkledte skare for tronen og lammet - evig frelste. I Jesu sår er der lekedom å finne for alle slags sår, som synden og verden har gitt - bare man vender seg til den korsfestede.

Ved seieren på korset er frelsesgrunnen lagt for syndere. Den grunn som holder både i liv og død. Ved Jesu seier skal vi seire sammen med han som elsket oss og gav livet for oss. Med Jesus som seierherre har vi ingenting å frykte, for han som er med sitt folk, er sterkere enn den som er med verden. Måtte Jesus ved sin seier, hjelpe meg til å kunne leve mitt liv i seier og å herliggjøre hans navn. Dette er min bønn.

Og du som til i dag ikke hører Jesus til - vend deg til han og gi han anledning til å frelse deg inn i sitt rike. Måtte alle Jesu venner alltid søke inn til korset, hvor hjelpen og kraften er å finne - under alt som møter oss her - inntil målet er nådd.

Frå "DEN EVIGE TRØST"
av Wiggo Waaler.

ØNSKEDIKTET

HVORFOR SÅ MEGEN KLAGE?

Hvorfor går du trist omkring?
Ser dig sur på ingenting?
Hvorfor er du trett og mutt
som om livet snart var slutt?
Se dog solens klare skinn
smiler dig i øiet inn,
maner dig til bak en sky
alltid se et håp påny!

Gjør ei livet tungt for dig
og for andre på din vei!
Sure miner, bitre ord
er det nok av her på jord.
Klager bygger aldri op,
bringer ingen lykkeknopp
til å åpnes, så du får
duft av livets skjønne vår.

Løft derfor din panne fritt!
Gled dig at så mangt er ditt!
Sorger har du, men og fryd,
alt kan bli til livets pryde.
Takk din Gud for hva han gir,
lyst og mildt ditt sinn da blir.
Roser, torner alle får,
- slik er livets vandringsår.

Alfred M Larsen

HJELPEMIDLENE FINNES!

For å få orden på bibellesningen slik at den blir planmessig og regelmessig er det lurt å bruke en bibelleseplan som over tid kan lede gjennom hele skriften. Og hvorfor ikke en leseplan som også er en liten kommentar til det som blir lest? Det kan bidra til økt forståelse og innsikt i teksten.

Bibelleseringen gir ut leseplaner for ulike aldersgrupper, såkalte «nøkler». Nøklerne følger en sammenhengende leseplan og er datert. For hver dag er det kommentarer eller oppgaver å løse som er tilpasset den aldersgruppen som skal bruke nøkkelen.

* Junionøkkel er laget for aldersgruppen 11-13 år.

* Tenningsnøkkel er tilpasset ungdomsgruppen fra 14 år.

* Bibelnøkkel passer for voksne lesere som kanskje har lest litt, men som trenger hjelp til strukturere lesningen sin bedre.

Det er mange som blir lammet i sitt møte med Bibelen - det hele virker så overveldende og uoverkommelig, og hvor skal man egentlig starte og slutte? Dessuten er det ganske mange ting i Bibelen som er vanskelig å forstå...

Forresten er det jo så mange meninger om Bibelen, og hvordan skal lille meg kunne skille det ene fra det andre og ha noen mening om hva som er rett?

En bibelleseplan med kommentarer/oppgaver kan være til hjelp på flere av disse punktene. Dessuten er det godt å kunne se at det går an å kunne gjøre seg opp en mening om det som står på egen hånd, uten å bli avhengig av eksperter i alle spørsmål.

I Bibelen møter vi Guds tale til oss mennesker. Bibelen er så og si den kanalen som Gud lar seg treffe på. Ved å stille oss inn på den kanalen, kan Gud selv få tale til oss.

Hvorfor ikke gi Gud en sjanse til å treffe oss?

Bruk Bibelen og bruk den gjerne sammen med en plan!

Bibelleseringen
Boks 1527, Vika
0117 OSLO 1



Eit møte med "undergrunns"- kyrkja i Nepal

Det er 1. juledag og vi er på veg til gudsteneste i ei av "undergrunns - kyrkjene" her i Kathmandu.

I ei gate med gamle, falleferdige teglsteinshus, låg kyrkja, - godt gøymt bak eit høgt gjerde. Då vi gjekk inn den enkle porten, vart vi forundra over å koma inn på ein stor, open plass. Her var det reint og velstelt - i motsetning til i gata utanfor. Overalt stod det krukker med blomar, og vakre prydblantar omkransa det lave huset. I første omgang var det ikkje lett å sjå noko ytre teikn på at dette var ei kyrkje. Huset er også registrert som eit bustadhus. Men så fekk vi auga på den enkle trekrossen, satt opp i ei kvit treramme og festa på veggen så det såg mest ut som eit vindauga. Dessutan fekk vi vita at kyrkjerommet var forma som ein kross.

Vi var ute i god tid, men mange var allereie på plass, og glad, frisk song strøynde mot oss frå dei opne vindaugo. Framme i koret sat ei gruppe av born som saman med nokre vaksne med gitar, leia heile samlinga i lovsongen. Det vart etterkvart trongare om plassen og vi måtte sitja tettare og tettare saman på golvet, mennene på den eine sida og kvinnene på den andre sida. Over 400 fylte til slutt kyrkjerommet. No kom det også godt med ullsjalet og ekstra varme klede. Temperaturen er ofte på denne tida av året ned mot 0°C tidleg om morgonen. Etterkvart som sola slepp til, blir det varmare ute, men inne i husa er det kaldt. Så vi må kle på oss ekstra godt når vi skal vera innandørs. Og særleg når ein skal sitja i ro på eit iskaldt golv i 2-3 timar.

Men vi merka mest ikkje at tida gjekk. Ein kunne ikkje unngå å bli smitta av gleda og begeistringa i lovsongen. Gamle og unge, småborn og vaksne stemde i med full røyst og klappa taktfast til den vakre songen. Og då pastoren seinare leia menigheita i bøn, merka vi på ein spesiell måte Guds nærvær. Etterpå vart det høve til fri bøn, men på ein annan måte enn det vi er vant med. Her fekk alle be høgt, - samstundes! Det hørdest ut som eit mektig brus, men ingen såg ut til å la seg forstyrre av naboen.

På mange måtar kjenner vi att trekk frå den fyrste kristne tida, her i kyrkja i Nepal: teikn og under fylger forkynninga, samstundes opplever dei kristne motstand og forfylgjing. Og det forundrar oss kor frimodige og glade dei kristne er til tross for dette. Enno det for kort tid tilbake vart slått hardt ned på ei menighet berre nokre få kilometer herifrå, var ikkje dei kristne redde for å samlast - og songen lydde vidt utover. Ingen veit kor tid politiet kjem og det kan bli deira tur til å gå i fengsel. Det er forbode ved lov å gå over frå hinduisme til kristendom. Gjer ein det, risikerer ein 1 års fengsel. Og dersom nokon medverkar til at andre blir kristne, får dei 6 års fengselstraff.

Til tross for dette, veks kyrkja. Kanskje noko av hemmeligheten ligg i dette at dei som blir kristne, dei blir det på alvor? "Er du villig til å gå i fengsel i morgon? Er du villig til å dø for trua di?" Dette er spørsmål kristne får før dei blir døypte. Og det er berre den som verkeleg har fått møta Jesus og veit at han er verdt meir enn alt anna, som kan svara ja på eit slikt spørsmål. Dei veit det kan kosta dei alt; ja livet. Men dei veit at det å eiga Jesus, er verdt meir. For ingen kan ta frå dei det evige livet, ei framtid i himlen saman med han. Og så vel dei heller å ha nokre år her på jorda i sakk og liding.

For oss som kjem frå det "trygge" Vesten, er dette ein vekkjar. Tru om det at vi der heime har det så godt materielt, er med og hindrar oss frå å sjå kva som er det viktigaste her i livet og kva som er mest verdt å eiga?

For eit år sidan sende vi eit intervju med ein pastor som venta på dom. Han fekk 6 års fengselstraff saman med to andre. Og like før jul hørde vi om fengsling av m.a. ein 75 år gamal pastor her i Kathmandu. Dagleg tortur høyrer med til fengselsopphaldet. Dei treng våre bønner.

Med dei beste ynskje
om GOD PÅSKE

frå familien Maridal.

Takk til Tove Margrete!

Tove Margrete Nordmark har meldt i frå at ho frå 1. mars sluttar som redaktør i Kyrkjeblad for Vaksdal.

Då res.kap. Per Einar Sønnesyn sluttar som prest i Vaksdal i 1985, sa Tove Margrete seg viljug til å styra kyrkjebladet vårt etter han. Sidan hausten 1985 har ho på ein framifrå god måte gjort ein dugeleg jobb som redaktør. Ho har vore ein sers god medarbeidar og har redigert kyrkjebladet på ein ryddig måte med eit profesjonelt preg. Ho har tidlegare tatt utdanning i journalistikk ved sida av kristendom grunnfag. Difor har vi trygt kunna overlata aktuelt stoff i hennar hender.

Tove Margrete har elles hatt meir enn nok å gjera som mor til dei tre borna Ragnhild, Liv og Njål og som ekte-mann til Per Nordmark.

Vi seier difor hjarteleg takk for verdfull innsats i desse 4½ år og ynskjer henne og Per Guds rike signing over heimen og familien deira i framtida.

Helsing

sokneprest Inge Christian Meidell.



Dette biletet av familien Maridal vart tatt i hagen på den norske skulen på julaften 1989.

Adressa deira er:

Gullborg og Oddbjørn Maridal
The Norwegian School
P.O.Box 1045
Kathmandu, NEPAL.

NY DAG

HERRE
PÅ TØRRE STEDER
LAR DU DET
SPIRE FREM
TUSEN SMÅ
BLØMSTER GLEDER
TAKK, HERRE,
TAKK FOR DEM.

I VÅRE TUNGSTE TIDER
ÅPNER DU VÅRE SINN,
SKJENKER OSS
I VÅR SVAKHET
HVILE I FREDEN DIN.

DER VÅRE KRAV
FORSPILTE
NÆRHETENS MULIGHET,
GIR DU DEN NYE DAGEN,
MILDNET AV KJÆRLIGHET.

HERRE,
TIL ALL VÅR AVMAKT
KOMMER
DITT SKAPERORD.
ALLMAKTEN
LAR OSS MØTE
HIMMELEN
PÅ VÅR JORD.



TEKST: LIV NORDHAUG - TEGNING: INGRIÐ NEDRELIÐ



FAGERTUN

"No skal me leggja ut på ei lita tankereisa nedover sida her. Målet for reisa er vel allereie røpt i overskrifta, men du vil vel med likevel? Lat oss seia at me startar på Dale. Derfrå går reisa innover i landet, til Eidslandet. Men me tar oss ikkje tid til å stoppe der. Så går turen oppover i Dalen med stor D. Eksingedalen meiner eg, og der er det mykje fint å sjå. Men det får me gjera ein annan gong, for denne gongen svingar me av omtrent midt i dalen, opp i ein liten sidedal. Og vips der står me, ved enden på reisa.

Viss det er nokon som endå er i tvil, så er det altså Samemisjonens leirstad i Eksingedalen, Fagertun, som ligg så fint der i dalsida. Her tar me oss ein pause og ser oss litt omkring. Det er flott!!

"Men kva skal me finna på her då?" kan du spørje. Men då skal eg fortelja deg ein ting: Det er alltid noko å finne på på Fagertun. Som kanskje mange veit, har overnattingsordninga på Fagertun vore noko "skral", men no er eit nytt internat på veg. Ja det er faktisk nesten ferdig. Året 1989 var på den måten eit ganske framgangsrikt år for Fagertun. Mykje vart gjort, men fortsatt står noko att. Først var målet å bli ferdig med det nye internatet til nyttårsleiren, men det viste seg at tida og arbeidskrafta var litt for knapp til det. Det som var litt synd, var at det ikkje vart nyttårsleir likevel. Ikkje på grunn av byggjinga, men på grunn av at det var for få påmelde. Sånt er for gale!

Dei ivrigaste stilte likevel opp, til vanleg arbeidsleir. Kanskje ikkje heilt vanleg, men me arbeidde litt denne gongen òg. Arbeide er eit veldig vidt ord, men denne gongen vart det litt maling, litt spartling og litt sånn rundt omkring. Utpå lørdags-ettermiddag då alle syntest dei hadde jobba passeleg mykje, rusla me forsiktig over glattisen, bort på "gamla-huset". Der hadde jentene fyrt opp heile dagen, og eit bordtennisbord stod midt på golvet. Men viss du ikkje veit det, så er faktisk ikkje bordtennis det lettaste spelet ein kan putte fingrane borti. Og særleg ikkje når alle har kvar sitt sett med reglar. Altså, det vart meir krangling enn speling oppå loftet den dagen, men ingen vart uvennar og alle var blide då me kom tilbake på "gamle-nyehuset".

Etter ein slik dag vert alle normale menneske svoltne, og det vart me òg naturleg nok, og til alles store forskrekkelse var det to viltre gutar som var komne over grytene denne kvelden. Og ein ting er sikkert; dei sparte ikkje på krydderet. Det er unødvendig å skrive meir om det måltidet, maten var god og alle hadde fest-smilet på då me sette oss opp framfor peisen. Der vart det sketsjar, leikar og konkurransar. Men det blir også natt på Fagertun, og "alle var enige om at det hadde vore ein gild dag."

No må eg ikkje gløyme det viktigaste. Fagertun er ein leirstad dreven i kristen regi, og det må me alltid hugse på. Å reise på leir uten bibel er som å gå på tur i skodda uten kart og kompass. Og på Fagertun lærer me å bruke vår bibel. Så vil eg atter ein gong nemne namnet Odd B. Alvheim. Det er han som får arbeidet på Fagertun til å svive. Det er også han som held dei fleste bibeltimar og andaktar på leirane. Han er dyktig, og alle eig ein viss respekt for han.

Dette skulle vere ei tankereise, og no veit du litt meir om Fagertun i tillegg, så mens du lener deg tilbake i din eigen stol så vil eg seie: Takk for no og på gjensyn - på Fagertun!!"

Torstein Gullbrå, 16 år og Fagertun-ven.



DEN NORSKE TIBETMISJON

Chr. Kroghs gt. 30 - Boks 9111 Vaterland, 0134 Oslo 1 - Tlf.: (02) 36 33 10

HER ER IKKE MANN ELLER KVINNE - ALLE ER EN I KRISTUS.

Hinduismen er statsreligion i Nepal. Alle høytidene med sine spesielle ritualer preger menneskenes liv. Kvinnenes status er lav. De må underkaste seg sine menn. Men hva skjer når kvinnene møter Kristus?

TIJ - EN FASTEHØYTID FOR KVINNER

Høytiden finner sted en gang i året. Nepalesiske kvinner feirer den med streng faste og mange ritualer for å oppnå et lykkelig og langt ekteskape-lig samliv.

Den første dagen forberedes det til de neste 2-3 dager. God og dyr mat kjøpes inn - selv om en må sette seg i gjeld. Nye klær må skaffes om ikke den røde brudeserien med gullbroderier kan gjøre nytten.

Festen starter med et overdådig måltid før den 24 timer lange fasten begynner. Da tillates ikke kvinnen å nyte verken vått eller tørt uten at mannen befaler det. Den påfølgende natt våker kvinnen og mediterer over mannens navn. Tidlig neste morgen vasker hun ektemannens føtter og drikker av vaskevannet for å oppnå renselse for sjelen og syndsforlatelse.

Kvinnene går deretter til den nærmeste hellige elv. Med vann fra denne renser de seg 360 ganger på forskjellige deler av kroppen. Med rød jord som finnes rundt røttene til datiwarbusken, smører de seg inn 360 ganger, også på forskjellige deler av kroppene: Renselse for hver dag i året som er gått! Så synges og danses det hele resten av dagen og natten med. Føttene verker, sulten gnager, men utholdenhet må til - til ektemannens ære. Det er viktig at de på denne måten tilber ham.

NÅ HAR JESUS SATT OSS FRI!

Tullis Hoftun, som har arbeidet i Nepal i 30 år, og engasjert seg sterkt i den nepalesiske kvinnes hverdag og liv, forteller: Kristne kvinner i Kathmandu-dalen satte hverandre stevne i Patan-kirken under Tj-festen i fjor. Ca 200 kvinner fra 12 menigheter møtte.

Første dagen under stevnet ble det redegjort for Tj-festen. Kristne kvinner fortalte om før og nå. De beskrev sine opplevelser av Tj-festen før, og fortsatte slik: "Nå har Jesus satt oss fri. Vi er rensert i hans blod og står på like fot med mennene våre. Det er ikke nødvendig å drikke hans fotvaskevann for å oppnå evig liv. Vi behøver ikke gå til templet eller delta i alle ritualene." De brukte Bibelens skapelsestext og snakket om å respektere og ære mannen, men uten at han skal tilbes. Deretter stemte de i verset:

Jesus setter oss virkelig fri.


Derfor kan vi være virkelig glade, derfor kan vi synge, derfor kan vi danse.

Programmet ellers var undervisning om det kristne ekteskapet, forholdet mødre - barn, den enslige kvinne, kvinnene i menighetens tjeneste o.l. temaer. Mye sang og bønn, gledesdans og god mat fyllte dagene.

Disse kristne kvinnene gir en sterk bekreftelse på Bibelens ord: "Til frihet har Kristus frigjort oss!" (Gal 5,1)




BARNESIDE



Elin F.

No er vi kome til påskehelga. Kva var det som hende med Jesus i påska? Det hende så mykje. Jesus var i Getsemanehagen og bad. Der i hagen vart Jesus tatt til fange. Jesus vart tatt med til Pilatus som dømde Jesus. Så vart Jesus hengt på ein kross. Jesus hadde ikkje gjort noko gale, men der på krossen tok Jesus straffa for alt det gale vi har gjort. Jesus døydde på krossen for å frelsa oss frå syndene våre. Jesus vart lagt i ei grav. Men påskemorgon stjedde roka! Jesus stod opp igjen. Jesus vart levande att. Jesus var sterkare enn døden, Han sigra over døden. Derfor kan og Jesus gje evig liv til alle som trur på Han.

PÅSKE - KRYSS :



1. Mark. 15. 22-24

2. Vert kalla tvilarenv Johs. 20. 24-25

3. Han dømde Jesus Johs. 19. 13-16

4. Styrkte Jesus i hagen Luk. 22. 43

5. Han sveik Jesus Matt. 26. 14-16

6. Fornekta Jesus Luk. 22. 57

7. Møtte Jesus påskedag Johs. 20. 11-16

GOD PÅSKE! Reidun Skurtveit

Tør eg be?

Mange som ikkje tør kalla seg "personlege kristne", ber til Gud. Nokon gjer det halvt unnskyldande på grunn av manglande "kristelegheit!"

La ingen ta frå deg frimodet til å be!

Bøna er ein port inn i Guds verd. Den står open for alle i Jesu namn!

Finn ikkje ord

Er det vanskeleg å finna ord til bøna? Bruk gjerne salmeboka som bønabok. Det har generasjonar gjort før deg. Mange Salmer er direkte bønner til Gud. Salmene i salmeboka er ei hjelp i vår ordfattigdom.

Lær meg å kjenne dine veie og gå dem trøstig skritt for skritt! Jeg vet at hva jeg fikk i eie, er borget gods og alt er ditt. Men vil din sterke hånd meg lede, jeg aldri feil på målet ser, og for hvert håp som dør her nede, får jeg et håp i himlen mer.

Lær meg å kjenne dine tanker og øves i å tenke dem! Og når i angst mitt hjerte banker, da må du kalle motet frem. Når jeg har tenkt meg trett til døden, si så hva du har tenkt, o Gud! Da kan jeg se at morgenrøden bak tvil og vande veller ut.

Men lær meg fremfor alt å kjenne din grenseløse kjærlighet, den som kan tusen stjerner tenne når lykkens sol for meg går ned. Den tørrer tåren som den skapte og leger såret som den slo. Dens vei går gjennom det vi tapte, den gir oss mere enn den tok.

Nr. 312 i Norsk Salmebok
Tekst Jakob Pauli 1902

Dette er teksta til den vakre folketonen som blir spilt i radio kvar laurdag morgon kl. 8.15 før andakta.

John Ove Thaule ny sokneprest i Vossestrand

Kallskapellan John Ove Thaule (41) frå Dale er av Bjørgvin bispedømeråd tilsett som sokneprest i Vossestrand prestegjeld. Han har vore i Grytten i Indre Romsdal. Bjarne og Gudrun Thaule er nok glade for å få sonen med familie nærare.

Endeleg reprise av "På kyrkjebakken"!

Dersom du ikkje alt er merksam på det, vil vi fortelja at program - posten "På kyrkjebakken" som kjem rett etter gudstenesta i radioen, no vert sendt i reprise same kveld. Kl. 21.15 på P 1 kan du høyre denne aktuelle programposten dersom du var til gudsteneste i di eiga kyrkje same dagen og difor ikkje fekk den med deg tidlegare.

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda
Bladpengar: kr. 50,-
Postgiro 5 72 34 73
Bankgiro 3500.50.13117
Bladstyrar:

Kasserar: Asle Georg Karlsen,
Bøge, 5270 Vaksdal
tlf. 59 72 32

Eksp. og trykk:
Øystese Trykkeri A/S,
5610 Øystese
tlf. 05 - 55 50 45

Retur til Øystese Trykkeri A/S,
5610 Øystese

SLEKTERS GANG

Døpte




DALE

- 4.2 Christian Knutsen
4.2 Kristian Ulveseth Fossmark
11.2 Christian Olsen
4.3 Tor Arne Iversen Vatle
4.3 Fredrik Sellevold

VAKSDAL

- 11.2 Joakim Olav Boge
11.2 Dani Roberto Skage Solheim
11.2 Christian Olsen
11.2 Håvard Lie Loftheim
4.3 Petter Amundsen




Vigde



BERGSDALEN

- 17.3 Malin Langeland og Per Arne Romarheim



Avlidne



DALE

- 3.2 Aslaug Hvidsten f.1910
20.3 Nelly Tjønneland f.1914
13.3 Tomas Faugstad f.1923



Glad hjelp til oppdragelsen



Foreldre, faddere, besteforeldre – ja, alle som har et barn de er glad i; her er gaven du har lett etter!

Tripp trapp er et omfattende opplegg som du kan begynne å abonnere på når som helst fra barnet er nyfødt til det er i seksårsalderen.

Abonnenten (barnet) får tre pakker i året, og hver pakke inneholder en foreldreveiledning sammen med materialet til barnet (f.eks. illustrerte fortellingsbøker, bibelfortellinger, formingsutstyr, kassetter med sanger og hørespill, veggbilder, leker osv.). Alt er laget for å støtte foreldrene i arbeidet med å gi barnet en rikest mulig oppvekst. Den kristne oppdragelsen er selve nerven i opplegget.

Send meg «tripp-trapp»-brosjyren!

Navn: Tlf:

Adr:

Postnr./sted:

LD-forlaget
Kirkens hjemmets dypning
Postboks 173, 1430 AS

Send kupongen eller ring
Tlf: 09-94 37 60



Norges SAMEMISJON

Bergen krins

Bergen krins av Norges Samemisjon har lagt årsmøtet sitt den 25.-27.mai til leirstaden Fagertun i Eksingedalen.

På grunn av dette vert det søndag 27. mai gudstenester og møter i fleire kyrkjer og bedehus i dei indre strok i prestegjeldet vårt. Det vert gudstenester i Eksingedalen kyrkje og Eidsland kyrkje, gudstesteleg møte i Nesheim kyrkje og møte i Stamnes Bedehus. I preikelista på siste sida står meir omm dette.

Vi ynskjer Norges Samemisjon til lukka med nybygget og vonar at dei får eit godt årsmøte.



STOFF TIL KYRKJEBLADET

kan sendast til sokneprestkontoret på Dale ved Reidun Takvam. Ho er å treffa på kontoret onsdag og fredag mellom kl.9.00 og 13.30. Førebels vert kyrkjebladet laga her.

Frist for innlevering av stoff til neste nr. er 5.mai.

DEN NORSKE ISRAELSMISJON

VELKOMEN TIL MØTE I FORSAMLINGSHUSET
PÅ DALE SUNDAG 29.APRIL kl.18.00

Formann i krinsstyret for Den Norske Israelsmisjon SIGRUN SKURTVEIT talar og orienterar om arbeidet i Israelsmisjonen. Kollekt.

Ny ringjar i Eksingedalen

Nils N.Nesheim på Flatekval er tilsett som ringjar og kyrkjegards - arbeidar ved Eksingedalen kyrkje frå 1.mars 1990 etter Tone Lilleskare som sa opp stillinga. Vi ynskjer han lukka til i tenesta.

BIBELTIME I Stamnes Bedehus

S Ø N D A G 6.M A I kl.16.00
ved pastor Rolf Helén Iversen.

Vaksdal prestegjeld

Sokneprest:
Inge Christian Meidell
tlf. 59 61 20

Res. kap.:
Kjell Arne Norum
tlf. 59 70 88

Hugs, måndagen er presten sin fridag!

VELKOMEN TIL KYRKJE

8.april - Palmesøndag

NESHEIM kl.11.Meidell.Nattverd.

Offer til Kirkens Nødhjelp.

BERGSDALEN kl.12.30 Sportsgudst.Norum.

12.april - Skirtorsdag

DALE kl.11.00 Meidell.Nattverd.

Offer til Kirkens Nødhjelp.

STAMNES kl.11.Norum.Nattverd.

Offer til Den Norske Israelsmisjon.

VAKSDAL kl.19.Norum.Nattverd.

13.april - Langfredag

EIDSLAND kl.11.Norum.Nattverd.

Offer til Den Norske Israelsmisjon.

EKSINGEDALEN kl.11.Meidell.Nattverd.

Offer til Fagertun

STANGHELLE kl.18. Meidell.

Offer til Nordhordland Indremisjon.

BERGSDALEN kl.20. Norum.Nattverd.

Offer til Kirkens Nødhjelp.

15.april - 1.Påskedag

DALE kl.11.Høgtidsgudst.Norum.

Offer til Det Norske Misjonsselskap.

VAKSDAL kl.11.Høgtidsgudst.Meidell.

Offer til Den Norske Santalmisjon.

NESHEIM kl.11.St.Markus Ungd.klubb.

BERGSDALEN kl.20. Birkeland Ungd.klubb.

16.april - 2.Påskedag

STAMNES kl.11.Høgtidsgudst.Meidell.

Offer til Nordhordland Indremisjon.

EKSINGEDALEN kl.11.Høgtidsgudst.Norum.

22.april - 1.sundag etter påske

VAKSDAL kl.11.Norum.Nattverd.

DALE kl.18. Norum.Nattverd.

Offer til Fagertun leirstad.

29.april - 2.søndag etter påske

EIDSLAND kl.11.Meidell.Nattverd.

1.MAI

VAKSDAL kl.10.Norum.

Offer til Kristne Arbeideres Forbund.

DALE kl.11. Meidell.

Offer til Bedriftsmisjonen.



6.mai - 3.søndag etter påske

DALE kl.11. Konf.gudst.Norum.

Offer til Dale sokneråd.

VAKSDAL kl.11.Konf.gudst.Meidell.

Offer til leirstaden Fagertun.

13.mai - 4.søndag etter påske

STAMNES kl.11.Konf.gudst.Meidell.

Offer til Det Norske Misjonsselskap.

NESHEIM kl.11.Norum.Nattverd.

Offer til Menighetsfakultetet.

17.MAI Grunnlovsdagen

DALE kl.9.30 Fam.gudst.Meidell.

Offer til Misjon bak jernteppet.

VAKSDAL kl.9.30 Fam.gudst.Norum.

Offer til Vaksdal KFUK-speidarar.

STAMNES kl.12. Fam.gudst.Norum.

Offer til Kirkens Nødhjelp.

EIDSLAND kl.12.30 Fam.gudst.Meidell.

Offer til Kirkens Nødhjelp.

20.mai - 5.søndag etter påske

EKSINGEDALEN kl.11.Konf.gudst.Norum.

Offer til Soknerådet.

27.mai - 6.søndag etter påske

BERGSDALEN kl.11.Konf.gudst.Norum.

Offer til Fagertun.

EIDSLAND kl.11.Konf.gudst.Meidell og
Odd Alvheim.Offer til Fagertun.

EKSINGEDALEN kl.11.gen.sekr.Gamlems-
haug.Offer til Dem Norske Samemisjon.

NESHEIM kl.11.Gudst.møte.L.Røykenes
og M.Lie.Offer til Samemisjonen.

STAMNES kl.11.møte v/S.Vågen og
M.Snekkervik.Offer til Samemisjonen.